



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 30.11.2021
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 10:00 - 11:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

ORIENTERINGAR

-Sjukefråvær
-Heiltidskultur

SAKSLISTE

| SAKSNR | TITTEL |
|---------|--|
| 12/2021 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 13/2021 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL |
| 14/2021 | ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE- DRØFTINGSSAK |
| 15/2021 | DRØFTING - ARBEIDSGJERVARSTRATEGI OG ANDRE VIKTIGE DOKUMENT/STRATEGIAR |

23. november 2021

Hege Eide Vik
Leiar



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|------------------------|------|------------|
| 12/2021 | Administrasjonsutvalet | PS | 30.11.2021 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Lin Tove Thomassen | FE-033 | 21/1502 |

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|------------------------|------|------------|
| 13/2021 | Administrasjonsutvalet | PS | 30.11.2021 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Lin Tove Thomassen | FE-033 | 21/1502 |

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 05.10.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 05.10.2021
Møtestad: Heradshuset Dale
Møtetid: 10:00 - 11:30

Møtedeltakarar:

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|-----------------------------|-------|-------------------|
| Hege Eide Vik | SP | Utvalsleiar |
| Kjartan Haugsnes | SV | Nestleiar |
| Boris Groth | FRP | Medlem |
| Amalie Johnsen Lunde | H | Medlem |
| Erlend Hesjedal-Johannessen | H | Medlem |
| Thor Andersen | AP | Medlem |
| Heidi Rongved | AP | Medlem |
| Lillian Seim | | Arbeidstakarrepr. |
| Marit Midtun | | Arbeidstakarrepr. |
| Nina Johnsen | | Arbeidstakarrepr. |

Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|---------|---|
| 08/2021 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 09/2021 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL |
| 10/2021 | REFERATSAKER OG MELDINGAR |
| 11/2021 | SAKER TIL BEHANDLING I ADMINISTRASJONSUTVALET |



08/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 05.10.2021

Behandling:

Samrøystes godkjent.

ADM - sak 08/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

09/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 05.10.2021

Behandling:

Samrøystes godkjent.

ADM - sak 09/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

10/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Tilleggsforslag, ført inn i møteportalen av Heidi Rongved, Ap

Det skal inn i Årshjulet at Amu skal delta på Arbeidsmiljøkonferansen

Administrasjonsutvalet 05.10.2021

Behandling:

Utvalet drøfta referatsak 10/2020.1

Heidi Rongved, Ap la fram følgjande tilleggsforslag:

Det skal inn i Årshjulet at Amu skal delta på Arbeidsmiljøkonferansen.

Merknad i saka: Vedlagt referatsak 10/2021.1 låg eit tidlegare saksframlegg med informasjon om samansetjing av AMU som ikkje lengre er gjeldande.

Referatsak og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

Tilleggsforslaget frå Heidi Rongved vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 10/2021 Vedtak/Tilråding:

Referatsaka vert tatt til orientering.

Referatsak 10/2020.1:

Det skal inn i Årshjulet at Amu skal delta på Arbeidsmiljøkonferansen

11/2021: SAKER TIL BEHANDLING I ADMINISTRASJONSUTVALET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering

Tilleggsforslag, ført inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde. Ap

Administrasjonsutvalet ber om at det blir utarbeida ein plan for heiltidskultur med mål om å auke andelen heiltid i kommunen.

Det skal rapporterast status for arbeidet med plan for heiltidskultur i kvart møte i



Administrasjonsutvalet.

Administrasjonsutvalet 05.10.2021

Behandling:

Amalie Johnsen Lunde, H la fram følgjande forslag til vedtak:

Administrasjonsutvalet ber om at det blir utarbeida ein plan for heiltidskultur med mål om å auke andelen heiltid i kommunen.

Det skal rapporterast status for arbeidet med plan for heiltidskultur i kvart møte i Administrasjonsutvalet.

Administrasjonsutvalet nemnde følgjande tema til sakskartet for utvalet:

- delegasjonsreglement
- budsjett
- organisasjon,
- likestillingspolitikk,
- løn,
- Løypemeldingar undervegs
- styringsdokument,
- omorganisering,
- pensjon
- Saker som har konsekvensar for personalet

Utvalet vedtok samrøystes å ta saka til orientering.

Amalie Johnsen Lunde sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 11/2021 Vedtak/Tilråding:

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering

Administrasjonsutvalet ber om at det blir utarbeida ein plan for heiltidskultur med mål om å auke andelen heiltid i kommunen.

Det skal rapporterast status for arbeidet med plan for heiltidskultur i kvart møte i Administrasjonsutvalet.



ORIENTERING

HR-lear Randi Solveig Pedersen orienterte om sjukefråvær 2. kvartal, arbeidet med heiltidskultur og revisjonsarbeid for planar og retningslinjer innan HR i haust.



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|------------------------|------|------------|
| 14/2021 | Administrasjonsutvalet | PS | 30.11.2021 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Lin Tove Thomassen | FE-490 | 21/1476 |

ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE- DRØFTINGSSAK

Vedlegg:

INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET- ARBEIDSTØY I HELSE OG OMSORGSTENESTA

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

I kommunestyremøte 15.06.21, sak 68/2021, Interpellasjon til kommunestyret – arbeidstøy i helse og omsorgstenesta (sjå vedlegg) svarte ordførar mellom anna dette:

«Ordførar vil arbeide for at administrasjonen i første omgang legg fram ei drøftingssak i AMU og vidare til ADMU. Vidare vil eg arbeide for at Hovudverneombod og hovudtillitsvald i dei aktuelle arbeidstakarorganisasjonane vert involvert og får komme med sine syn på saka og anbefalingar. Det er viktig å få vite kva det reelle og opplevde behovet til dei tilsette er. Til slutt vil eg arbeide for at me får fram ei sak til budsjett 2022.»

Ordførar svarte også at ho ønskjer å involvere arbeidstøy for tilsette i skular og barnehagar.

Dessverre har saka vorte liggande ubehandla fram til no. Ei forklaring til at saka ikkje vart fanga opp før budsjettbehandlinga er at kommunedirektøren først i haust fekk på plass oppfølgingsmøter etter vedtaksbehandling. Ein har no tru på at ny ordning vil begrense slike feil monaleg i framtida.

Kommunedirektøren støttar ordførar sine vurderingar og ser behov for å involvere hovudverneombod og arbeidstakarorganisasjonane i prosessen før ein gjer eit evt. vedtak. Kommunedirektøren tilrår derfor å nytte tid til å involvere nemnde partar før saka vert lagt fram for Administrasjonsutvalet våren 2022. Eit evt. vedtak med økonomisk konsekvens vil kunna takast under budsjettjusteringar 2022.

Tidsplan for det vidare arbeidet

30.11.21 Administrasjonsutvalet drøftar saka

01.12.21 Kommunedirektøren inviterer hovudtillitsvalde og arbeidstakarorganisasjonar til å kome med uttale i saka med frist 15. januar 21.

Våren 22 Administrasjonsutvalet behandlar sak og innstiller til kommunestyret.



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|---------------|------|------------|
| 68/2021 | Kommunestyret | PS | 15.06.2021 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Lin Tove Thomassen | FE-033 | 21/443 |

INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET- ARBEIDSTØY I HELSE OG OMSORGSTENESTA

Kommunestyret - Sak 68/2021

KOM - Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordførar gav slikt svar:

Interpellanten trekker fram Helse og Omsorg som eit område der dei tilsette bør få betre arbeidstøy og sko, samt at Vaksdal kommune sin logo bør vera tydeleg på arbeidsklede. I arbeidet med svar på interpellasjonen har allereie fleire sider av eventuell anskaffelse av slike klede og sko blitt belyst. Det fins omsyn å ta både ift diskresjon i helsetenestene, samt at anskaffing av slikt utstyr vil ha ein økonomisk konsekvens. Ordførar tenkjer det og er naturleg å inkludere tilsette ved skule og barnehage i vurderingsgrunnlaget dersom me skal sette ei slik sak på kartet. Kanskje vil ein til slutt ønske å prioritere ei gruppe, men det er viktig at me vurderer heilheita.

Ordførar vil arbeide for at administrasjonen i første omgang legg fram ei drøftingssak i AMU og vidare til ADMU. Vidare vil eg arbeide for at Hovudverneombod og hovudtillitsvald i dei aktuelle arbeidstakarorganisasjonane vert involvert og får komme med sine syn på saka og anbefalingar. Det er viktig å få vite kva det relle og opplevde behovet til dei tilsette er. Til slutt vil eg arbeide for at me får fram ei sak til budsjett 2022.

Interpellanten fekk ordet først, før det vart opna for generell debatt.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Saksopplysninger:

Frå Trond Olav Magnussen, H ligg det føre slik interpellasjon:

Interpellasjon/spørsmål til ordfører om arbeidstøy i Helse og omsorgstjenestene i Vaksdal kommune

Mange tjenester som er driver tjenesteyting ute blant publikum har arbeidstøy som klart og tydelig viser at man er kommunalt ansatt og utfører arbeid på vegne av Vaksdal kommune, slik synes jeg det bør være.

Når det gjelder tjenestene i Helse og omsorg er ikke dette like åpenbart.

Tjenester som praktisk bistand og heimetjenestene som er i folks bosted bør ha tilsvarende plagg i form av en ytterjakke og skikkelige sko for utendørs bruk, det må kunne tilpasses årstiden. Skulle man velge en slik løsning vil det være fint med en synliggjøring av at det er den kommunale helsetjenesten som driver med tjenesteyting og at man har Vaksdal kommune sin logo på ytterplagg.

I samme vending kunne man se på hele organisasjonen i Helse og omsorg når det gjelder tilgang på arbeidstøy som t-skjorter, arbeidsbusker, overdel og liknende for å kunne utføre sitt arbeid. Da også med tanke på innendørs bruk hvor man tar høyde for løpende fornying av arbeidstøy.

Mye tror jeg allerede det eksisterer ordninger for, men det kan være snakk om justeringer av eksisterende ordninger for noen tjenester.

Forskrift om utførelse av arbeid § 6–7 som sier: «Dersom de helsefarlige biologiske faktorene ikke kan fjernes eller unngås, skal arbeidsgiver sørge for at arbeidstakerne får utlevert og blir pålagt å bruke hensiktsmessig arbeidstøy og personlig verneutstyr.»

Vaksdal kommune har en mulighet til å gå foran som en foregangskommune innen likestillingsarbeid i ett kvinnedominert yrke, for meg er det merkelig få kommuner i Norge som har en eller annen slik ordning for sine ansatte i Helse og omsorgstjenestene. Retten til arbeidstøy er noe som er innarbeidet gjennom AML hovedsakelig innrettet mot skiftarbeid og industri, mens mange kvinnedominerte sektorer er unntatt. Dette er en sak som er av lokal betydning for våre ansatte i Helse og omsorgstjenestene og det vil være et synlig signal på at deres hektiske arbeidshverdag får en utfordring mindre, samtidig anerkjenner man de ansattes behov og flytter ansvaret for tjenlig arbeidstøy til arbeidsgiver fullt ut.

Med tanke på framtidig rekruttering til våre stillinger kan slike tiltak «lavhengende frukter» vise at man tar ansatte sine behov på alvor, det kan føre til at vi beholder kompetanse og tiltrekker oss nye ansatte til en moderat kostnad.

Som en del av dette arbeidet må eksisterende ordninger revideres og eventuelle godgjøringer kommunen betaler ut for bruk av eget tøy bortfaller, det forplikter også de ansatte å nytte utlevert arbeidstøy hvis en slik ordning blir innført.

Spørsmål:

1. Kan ordfører støtte opp om at dette er noe vi ønsker å jobbe for å få fram en sak til Budsjett 2022?
2. Kan ordfører jobbe for en prosess rundt arbeidet med en kartlegging av behovet og tilrettelegge for at AMU, arbeidstakerorganisasjoner og HVO involveres i forarbeidet til en slik sak i budsjet 2022.
3. Kan ordfører jobbe for at vi får et helhetlig saksgrunnlag før budsjet 2022?



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|------------------------|------|------------|
| 15/2021 | Administrasjonsutvalet | PS | 30.11.2021 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|--------|------------|
| Randi Solveig Pedersen | FE-400 | 16/1433 |

DRØFTING - ARBEIDSGJERVARSTRATEGI OG ANDRE VIKTIGE DOKUMENT/STRATEGIAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Det står i tempoplan at arbeidsgjevarstrategi skal være ferdig til 14 desember.

Arbeidsgjevarstrategien er eit viktig arbeid som bør involvera både leiarar og tilsette i kommunen. Dei som jobbar fram dette må få eigarskap til strategien og oppleve at ein er ein del av dette viktige arbeidet.

I Vaksdal kommune har vi fleire overordna styringsdokument som bør utarbeidast for fyrste gong eller revidera allereie eksisterande dokument.

Desse arbeida bør gå over ein periode, kor involverte parter får tid til å jobbe seg igjennom og ta eigarskap til strategien. Ein kan jobbe med fleire ting samtidig, men det bør gjennomførast i ein viss rekkefølge og ha samanheng med kvarandre.

Forslag til gjennomføring:

- Strategisk kompetanseplan ferdigstilles innan 31.12.2021
Dette arbeidet blir utarbeida av ei gruppe som består av HR leiar (leiar), HR rådgjevar, 3 einingsleiarar og 3 hovudtillitsvalte
- Revidera lønspolitikk plan – Ferdigstilles innan 01.04.2022.
Arbeidet bør være ferdig til lønsoppgjering 2022.
HR - leiar har ansvaret for arbeidet. Ho har med seg ei gruppe på 3 kommunalsjefar og 3 hovudtillitsvalte
- Arbeidsgjevarstrategien utarbeidast innan 30.06.2022.
HR - leiar har ansvaret for arbeidet. Rådmanns leiargruppe bestemmer kven som skal sitte i arbeidsgruppa som utarbeidar arbeidsgjevarstrategien
- Etske retningslinjer er i dag ein del arbeidsgjevarstrategien. Dette foreslåses å ta i eit

eige dokument som ferdigstilles samtidig med arbeidsgjevarstrategien